



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg:	Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Digital behandling
Dato:	04.08.2025
Tidspunkt:	12:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2025	Godkjenning av innkalling		
ST 2/2025	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av seterhus på Gammelgården i Brøstdalen - Jens Indregård		2025/8373

ST 1/2025 Godkjenning av innkalling



Arkivsaksnummer: 2025/8373-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 01.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen	2/2025	04.08.2025

Romsdalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av seterhus på Gammelgarden i Brøstdalen - Jens Indregård

Innstilling frå forvaltar

Med heimel verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, 1.2. b) får Jens Indregård dispensasjon til restaurering av seterhuset og uttak av torv på Gammelgarden i Brøstdalen. Tiltaket er positivt og vil ikkje føre til endra bruk eller få negativ innverknad på landskapsverdiar eller verneformål.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan leggst opp nye steiner som bærepunkt i alle hjørner for å heve bygget slik at stokkane ikkje ligg på bakken.
- Eksisterande bygningsmateriale skal i mest mogleg grad takast vare på og brukast om att.
- Råteskada laftetømmer og kledning på inngangsparti(skuten) kan skiftast ut.
- Eventuell ny ståande utkledning på inngangsparti (skuten) skal ha same ubehandla eller tjærebrea overflatebehandling som på eksisterande bygning.
- Etter restaurering skal totalarealet på seterhuset ha det same areal som i før.
- Vindauga kan skiftast ut med nye i same storleik og utforming som på eksisterande bygg.
- Torv til nytt torvtak kan hentast ut langs heile oversiden av bygningen mot vegen, og langs utsiden mot seterkvea.
- Terrenget på oversiden av bygningen kan i samband med uttak av torv senkast for å drenere bort overflatevatn frå vegen.
- Terrenget kring bygningen skal etter uttak av torv jamnast ut og pyntast til slik at naturlege engplantar som veks i området gror til etter torvuttaket.
- Platting e.l. er framandelement i bygningsmiljøet og er ikkje tillete.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og tilpynting av arealet er:

05.08.2027

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde.

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Jens Indregård, e-post journalført 28.07.25
- Vedlegg til søknadn - Tisagn om støtte frå Kulturminnefondet, 13.03.24

Saksopplysningar

Søknaden

Jens Indregård søker om å restaurere seterhuset på Gammelgarden i Brøstdalen innafor Romsdalen landskapsvernområde.

I e-post frå søker står følgjande:

«Hei

Jeg har fått støtte fra kulturminnefondet på å restaurere Gammelgarden.

Støtten belager seg på å sette i stand setra i stor grad sånn som den var før.

På bakgrunn av dette søker jeg om å få bytte de nederste stokkene på oversiden av hytten og tversoverstokkene inni hytten som er mer eller mindre helt ødelagt.

Legge nytt bjelkelag i stue og soverom og nytt gulv på begge rommene.

På kjøkkenet er det ikke tømmervegger men lettvegger som er oppråtnet.

Her må vi stove opp nye vegger og ha på ny bordkledning utvendig.

Da tenkte vi f.eks. uhøvlet plank som bordkledning på hele oversiden av hytten og kjøkkenet.

Pga. vannlekkasjer rund pipe og noen andre plasser må vi ta av torvtaket og bytte en del trobord og ha på ny papp og ny vorteplast før vi legger nytt torvtak.

For å bevare de nye nederste tømmerstokkene har det vært lurt å senket litt terrenget på oversiden sånn at vann og jord ikke presser ned mot veggen.

Vi har også et ønske om å jevne ut litt nedenfor hytta hvis dette er mulig?

I såfall kunne vi brukt torva rundt hytta til nytt torvtak og rettet opp litt utenfor hytta og sådd ny plen etterpå.

Hvis dere har innspill på fremgangsmåte eller noe annet så si ifra.»

Søker har i 2024 fått økonomisk støtte frå Kulturminnefondet for å gjennomføre tiltak på seterbygningen. Kulturminnefondet har gjeve støtte til følgjande tiltak:

- senke terrenget på oversiden av bygningen og drenere
- skifte torvtak med nytt undertak
- legge opp nye steiner som bærepunkt i alle hjørner og skifte råteskada laftetømmer

Støtta frå Kulturminnefondet føresett at eksisterande bygningsdelar blir bevart og brukt om att. Ny torv til torvtak skal helst takast ut lokalt nærmiljø, og det er positivt om torva blir henta ut lokalt på staden.

Det vart gjennomført synfaring på Gammelgarden 04.07.25 der forvaltar og søker deltok. Under synfaringa vart det også sett på terrenget kring seterhuset og moglegheit for å ta torv til å bruke på taket. Ved å ta ut torv kring seterbygningen vil terrenget få ei betre arondering kring bygningen, og ein kan samtidig få senka terrenget mot vegen samt drenert bort evt vatn frå veggen. Utanfor vestveggen mot seterkvea vil ein også kunne ta ut torv til nytt tak og jamne ut terrenget noko.

Seterbygningen har eit areal på ca 50 m², med utvendige mål på 11m x 4,5 m. Foto under er teke under synfaringa 04.07.25, v/ Kristine Sørli:



Seterhus sett frå sør.



Seterhuset si langside mot vegen



Seterhuset si langside mot vest



Inngangsparti til seterhuset (mot sør)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å: «

- *ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet*

- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Romsdalen landskapsvernområde er jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

§ 3 pkt. 1.2. Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for;

« b. Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, jernbane, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehald av bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen.»

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for byggetiltak presisert i retningslinjer på s. 88 - 91:

«Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b. Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan eksisterande bygningar og anlegg haldast ved like i den standarden dei hadde ved vernetidspunktet.

Vedlikehald av bygningar som skifte av kledning, nye glas tilsvarende dei som var i huset frå før, nytt tak i same materiale som før og andre tiltak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Utgangspunktet for vedlikehald av seterbygningar er å ta vare på den opphavlege bygningsmassen. Tidlegare seterbygningar som er omdisponert til fritidsformål, vil bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonelle seterbygg.

Alle former for fasadeendringar som fører til endra bruk av bygget er søknadsplichtige. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring, vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i forhold til omgjevnadene og om fasadeendringa vesentleg endrar bygget sin karakter. Døme på slike endringar kan vere:

- *Val av skarpe fargar til utvendig måling*
- *Endring av takmaterialen i forhold til det bygningen hadde frå før*
- *Plattingar*
- *Bordkledning av gamle tømmerhus»*

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane meneverdig. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.


Vurdering

Formålet med Romsdalen landskapsvernområde er i hovudsakleg å ta vare på eit vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet, samt kulturlandskapet der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. I tillegg er det samanhengande naturlandskapet frå høg fjellet med leveområde for villrein ned til dalbotnen med Rauma elv ein viktig del av verneformålet.

Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande bygningar, men sidan restaureringstiltaket av seterhuset er omfattande og i tillegg krev inngrep i terrenget, må det derfor gjevast dispensasjon etter vernereglane i landskapsvernområdet.

Det er fleire gamle seterområde innafor landskapsvernområdet. I Brøstdalen ligg seterområda Kabben, Horgheimsetra, Furuholen og Gammelgarden.

Gammelgarden ligg innover mot Førholen og er ein av dei eldste setrene i Brøstdalen. Det er noko sau som beiter i området i dag, men bygnigane er i stor grad nytta til fritidsformål. I kartet under er Gammelgarden, gnr.82 bnr.22, markert med raud ring i kartet og på «Norge i bilder» under.



Verneforskrifta og forvaltningsplanen har teke høgde for vedlikehald og restaurering av eksisterande bygningar i landskapsvernområdet så lenge nye glas, nytt tak blir nytta i tilsvarande materiale som på huset frå før, og andre tiltak ikkje fører til endring av storleik eller fasade.

Det er heimel i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde for å gjennomføre restaureringstiltaket, men det er presisert at vedlikehaldstiltak heller ikkje skal føre til bruksendring, eller verke skjemmande i landskapet. Sidan tiltaket også omfattar terrenginngrep kring seterhuset for uttak til torvtak, må det gjerast ei vurdering av om terrenginngrepet fører til endring av bygningsmiljøet og landskapsbilete.

Av omsyn til kulturlandskapet og bygningsmiljøet er det viktig at bygningar blir restaurert for å ivareta noko av den særeigne gamle byggeskikken i landskapsvernområdet. Det er derfor prisverdig at initiativet kjem frå ein privat eigar. Søkjaren har eit akseptert behov for å restaurere seterhuset. Tiltaket vil ikkje endre noverande bruk, eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Det er positivt for bygningsmiljøet at det blir brukt stadegen torv til nytt tak. Det er og ein fordel at det blir teke ut torv kring seterhuset da det er nødvendig å senke terrenget på oversiden av bygningen mot vegen. Når torva er teke ut må arealet pyntast til og jamnast ut slik at dei naturlege engartane gror til att, evt at det blir sådd til med engfrøartar som høyrar naturleg til i seterlangskapet.

Under gjennomføring av tiltaket er det viktig å halde seg til vilkåra for å unngå endring av bygget sin storleik og karakter. Restaureringstiltaket med gjevne vilkår vil ikkje stride mot verneføremålet for Romsdalen landskapsvernområde, og vil ikkje påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Tiltaka er også vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 og 9. Senking av terrenget på oversiden av seterhuset mot vegen, uttak av torv på oversiden og utsiden av bygningen til nytt torvtak, utskifting av råteskada laftetømmer og utvendig kledning, vil ikkje føre til endring i bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.